

Søknad

Søknadsnr.	2015-0188	Søknadsår	2015	Arkivsak	15/6355-1
Støtteordning	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2015				
Prosjektnavn	Utvikling av programmet Studentbedrift				

Kort beskrivelse

Høgskulen i Sogn og Fjordane har over fleire år arbeidd med å utvikle programmet studentbedrift ved eigen institusjon. Dette har vorte gjort i nært samarbeid med Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane og andre aktuelle samarbeidspartar. Arbeidet har gitt resultat i form av fleire studentbedrifter på avdeling for lærarutdanning og idrett, ingeniørfag og helsefag.

Prosjektbeskrivelse

I alt 65 studentar ved HiSF bachelor studiet på idrettsfag har fått ei innføring i faglege tema rundt entreprenørskap skuleåret 2014 / 2015. Tilbakemeldingane frå desse studentane, basert på deira egne erfaringar med studiet, er gode. 13 av desse studentane gjekk vidare ved å etablere egne studentbedrifter. Sjå vedlagt rapport som oppsummerar dette. Dei omsøkte midlane i denne søknaden er tenkt som ein stimulans i høve til kvalitetsheving og spreining av studentbedrift programmet internt på HiSF. Når programmet er meir etablert ved skulen, som fylgje av dette prosjektet, vil HiSF stå for vidare drift og gjennomføring i samarbeid med Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane Org.nr:985 984 344	Strandgata 52/54 6901 FLORØ	-
Kontakt- person	Holger Aasen	Nyheimvegen 18 6900 FLORØ	95817898
Prosjekt- leder	Holger Aasen	Nyheimvegen 18 6900 FLORØ	95817898

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Vi har søkt og fått støtte til arbeid med studentbedrift tidlegare.

Spesifikasjon

Bakgrunn

Høgskulen i Sogn og Fjordane har over fleire år arbeidd med å utvikle programmet studentbedrift ved eigen institusjon. Dette har vorte gjort i nært samarbeid med Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane og andre aktuelle samarbeidspartar. Arbeidet har gitt resultat i form av fleire studentbedrifter på avdeling for lærarutdanning og idrett, ingeniørfag og helsefag. Kvalitet på innhald og gjennomføring for desse bedriftene har vore varierende, men fleire av bedriftene har utvist høg kvalitet i sitt arbeid.

Ei av dei har delteke på NM for studentbedrifter. Den største utfordringa for å komme vidare i dette arbeidet er ressursar til oppfølging av studentar som arbeider med studentbedrift. For å heve kvaliteten på arbeidet og få utvikla programmet vidare ser vi det som heilt nødvendig å setje av meir ressursar til dette.

Prosjekt mål

I alt 65 studentar ved HiSF bachelor studiet på idrettsfag har fått ei innføring i faglege tema rundt entreprenørskap skuleåret 2014 / 2015. Tilbakemeldingane frå desse studentane, basert på deira egne erfaringar med studiet, er gode. 13 av desse studentane gjekk vidare ved å etablere egne studentbedrifter. Sjå vedlagt rapport som oppsummerar dette. Dei omsøkte midlane i denne søknaden er tenkt som ein stimulans i høve til kvalitetsheving og spreining av studentbedrift programmet internt på HiSF. Når programmet er meir etablert ved skulen, som fylgje av dette prosjektet, vil HiSF stå for vidare drift og gjennomføring i samarbeid med Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane.

Forankring

Prosjektet er forankra i vedtekne fylkeskommunale planar for entreprenørskap og nyskaping. I tillegg er dette forankra i Ungt Entreprenørskap sine handlingsplanar for entreprenørskap i opplæringa og leiinga ved Høgskulen i Sogn og Fjordane si entreprenørskapssatsing.

Prosjektorganisering

Prosjektet vil vere eit samarbeid mellom dei tilsette ved Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) og dei tilsette i Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane (UE Sogn og Fjordane). Eit avgjerande faktor for at prosjektet skal verte vellykka er at det blir gjort eit omfattande forankrings- og planarbeid blant dei tilsette ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Summen som er omsøkt vil i sin heilskap gå til intern finansiering av prosjektet ved HiSF.

Samarbeidspartnere

Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane og Ungt Entreprenørskap Norge
Høgskulen i Sogn og Fjordane
Lokale bedrifter og organisasjonar
Innovasjon Norge
Kunnskapsparken Sogn og Fjordane

Aktiviteter

Gründercamp og studentbedrift.
Kursing mellom anna i innovasjon, økonomi og bedriftsetablering

Målgrupper

Studentar og tilsette ved Høgskulen i Sogn og Fjordane

Resultat

Etablering av nye studentbedrifter ved Høgskulen i Sogn og Fjordane

Effekter

I fyrste omgang vil effekten vere at studentane ved HiSF sit att med eit erfarings- og læringsutbytte i høve til det å kunne starte eiga bedrift.
I neste omgang vil dette kunne medføre at fleire studentar under utdanning eller etter endt

utdanning faktisk vil etablere egne bedrifter.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Forarbeid til prosjektet har allerede vore gjennomført ved at UE Sogn og Fjordane har i saman med HiSF arrangert ulike gründercampar og arrangement knytt til innovasjon og nyskaping.

Milepælplan vidare blir som følger :

Hausten 2015 :

Frist 1. november : Arbeid med forretningsidé, forretningsplan og etablering / registrering av studentbedrift.

1. november - 1. mai : Drift og utvikling av etablerte studentbedrifter

30. november : Studentbedriftene presenterar idéane sine for lokalt virkemiddelapparat og får tilbakemeldingar og råd for vidare utvikling

1. mai - 1. juni : Avvikling av studentbedriftene for dei studentane som har avsluttande studium, erfaringsutveksling og refleksjon.

Kostnadsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Frikjøp av tilsette ved HiSF	96 000					96 000
Sum kostnad	96 000					96 000

Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Eigeninnsats HiSF	31 000					31 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2015	65 000					65 000
Sum finansiering	96 000					96 000

I tillegg vil Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane yte eigeninnsats i prosjektet. Dette arbeidet vert finansiert gjennom UE Sogn og Fjordane sine egne budsjett.

Geografi

1400-Sogn og Fjordane

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato